



Osmerra

Informasjonsblad for Osbanens Venner

Nr. 3 - oktober 1998



*Overkonduktør Jacob Sveen gir klarsignal for alle siste tog
frå Stend stasjon, 1. September 1935. Stasjonsekspeditor
Lars Tøsdal mønstrar det heile. Foto: E. Djupdræt.*

Osmerra

Informasjonsorgan for foreininga Osbanens Venner.

Nr. 2 / 1998.

Redaksjon: Oddvar Skre, Egil Olav Jakobsen og Per Ivar R. Tautra.

Redaksjonen avslutta 18.10.1998.

Gode Osbane-venn!

Så er nok ein sommar forbi. Hausten er her, og tida for inne-aktivitetar er komen. Vi vil difor nytta høvet til å fortelja dykk litt om det som har skjedd i Osbanens Venner så langt dette året. Litt anna lesestoff har vi óg funne plass til.

Denne hausten vil vi prøva noko heilt nytt: eit arrangement for medlemene i foreininga. Osbanens Venner arbeider for å ta vare på kunnskap om og minne frå den gamle banen. Samstundes har vi von om å ta i vare interessa hjå medlemene og skapa litt engasjement. Difor prøver vi no å invitera til ein guida medlemstur på Osbane-traseen frå Kalandseid mot Hamre. Nærare informasjon finst ein annan stad i bladet. Om arrangementet vert vellykka, vil vi sjølvsagt prøva å få til andre aktivitetar for medlemene seinare.

Ei sterk oppfordring går til dykk alle: Har nokon idear til aktivitetar eller ting vi kan gjera for å forbetra museet, nøl ikkje med å ta kontakt!!

Oppsummering av aktivitetane sommaren 1998

I sommar heldt vi ope museum på Stend stasjon kvar sundag i juni og august. Erfaring frå tidlegare år har nemleg vist at juli har vore ein dårleg månad å halda ope museum i. Det har då både vore vanskeleg å få folk til å stå vakt, samstundes som det har kome få besøkjande. Desse problema har vi ikkje merka noko til i år. Det nye opplegget har fungert svært bra.

Forutan søndagar i juni og august, heldt vi i samband med kultrdagane i Fana og Ytrebygda ope museum søndag 4. oktober. Bortimot 60 menneske var innom stasjonen berre denne eine dagen. I 1998 har vi i alt halde ope ni søndagar, alle frå kl.11-15. Eit enkelt overslag som byggjer på gjesteboka i venterommet, fortel at vi desse dagane har hatt minst 400 besøkjande. Vi har då ikkje rekna med folk som berre så vidt har stukke hovudet inn døra og deretter gått vidare. Osbanens Venner har dessutan fått fem nye medlemmer. Vi vil på bakgrunn av desse tala seia oss svært godt nøgde med denne sesongen.

Vervekampanje

Så langt i år har 63 personar betalt medlemskontingent til Osbanens Venner. Di fleire som er med, di betre. Kontingenten er ei relativt sikker inntektskjelde for foreininga, og dessutan er vi avhengige av frivillig innsats for å driva og halda ved like museet på Stend stasjon. Vi vil difor jobba aktivt for å få fleire medlemmer.

No går oppfordringa til nettopp **deg** ! Kan du verva medlemmer?

Styret i Osbanens Venner ser denne oppgåva som så viktig at **vi utlovar ein fin premie til den som klarer å verva flest nye medlemmer fram til årsmøtet i februar/mars neste år !!!**

Referat frå årsmøte i Osbanens Venner 31. mars 1998

Det vart halde ordinært årsmøte i foreininga Osbanens Venner tysdag 31. mars 1998 kl. 19.00 i møterommet under gymsalen på Stend Jordbruksskule. Ni medlemmer møtte.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Formann Oddvar Skre opna møtet.

Det vart gjort framlegg om å føya til ein post "Ymse" som sak 8 på saklista. Dette vart vedteke. Elles kom det ingen merknader til innkallinga eller saklista.

2. Val av ordstyrar og referent.

Årsmøtet valde Anders Kåre Engevik til ordstyrar og Per Ivar Tautra til referent.

3. Årsmelding.

Sekretær Per Ivar Tautra las opp årsmeldinga.

Skre kom med ei tilleggsopplysning. Han fortalde at stempel-motivet, som mellom anna er nytta på framsida av medlemsbladet, er teikna av Rikard Riim.

Sekretæren hausta godord for ei detaljert og velskriven årsmelding, og årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

4. Rekneskap.

Kasserar Egil Olav Jakobsen las opp rekneskapsoversynet for 1997. Han las og opp revisjonsmeldinga frå revisor Harald Jonassen, som hadde godkjent rekneskapen utan merknader. Skre kommenterte at rekneskapen opererer med ei kasse der det skal finnast 102,25 kr. Denne kassa eksisterer eigentleg ikkje, men er ein rest av det rotet som var i rekneskapen for nokre år sidan. Dette skal vera ordna til neste år. Rekneskapen vart deretter samrøystes godkjend.

5. Val av styre, vararepresentantar, revisor og valkomité.

Anders Kåre Engevik las på vegne av valnemnda opp nemnda sitt framlegg til nytt styre med vararepresentantar, revisor og valnemnd. Desse vart deretter valde med akklamasjon. Alle vala vart gjort i samsvar med valnemnda si innstilling.

Styremedlemer og andre tillitsvalde etter valet:

Formann:	Oddvar Skre
Styremedlemer:	Egil Olav Jakobsen (ny)
	Per Ivar Tautra
	Atle Skjerlie
	Anders Kåre Engevik (ikkje på val)

Varamenn: Paul Martin Kronheim
Ketil Aspevik (ny)
Revisor: Harald Jonassen
Vara for revisor: Anne Marie Flaterås

Valnemnd: Anders Kåre Engevik
Geirmund Revheim
Bjørn Henanger (ny)

6. Budsjett og arbeidsprogram for 1998.

Skre gjekk gjennom styret sitt framlegg til arbeidsprogram for 1998. Det kom fram nokre merknader:

Tautra viste til punkt 8 der det står at Osbanens Venner vil marknadsføra seg med annonsering i Fanaposten. Han meinte at foreininga óg bør annonsera i Os & Fusaposten. Trass i at Osbanen gjekk til Os og hadde svært mykje å seia for bygdene der, er foreininga og museet på Stend stasjon lite kjent i Os.

Opningstidene for museet var føreslått sett til kl. 11-15. Det vart diskutert om ein i staden burde heldt ope 12-16 av omsyn til kyrkjegjengarane. Møtelyden slutta seg til framlegget om 11-15. Som det og står i årsmeldinga, viser erfaringa at det kjem fleire besøkjande til stasjonen tidleg på dagen enn dei siste to timane.

Skre gjorde greie for budsjettframlegget. Han peika på at i 1997 hadde utgiftene vore høgare enn inntektene. I 1998 kan derimot foreininga rekna med overskot, då både medlemskontingenten og husleiga har auka monaleg frå 1997. Diverre vil reparasjon av alarmen i stasjonsbygningen kosta mykje. Lynnedslag har slått ut heile systemet. Harald Jonassen meinte at det må vera mogeleg å auka inntektene ved å få fleire bidrag utanfrå. Han nemnde Kulturkontoret i Fana og Fana Sparebank som mogelege bidragsytarar.

7. Fastsetjing av kontingent for 1999.

Det vart samrøystes vedteke at kontingenten skal haldast på noverande nivå, altså 100 kroner.

8. Ymse.

I årsmeldinga vart årsmøtet oppmoda om å taka stilling til medlemsbladet "Osmerra" sin lagnad. Møtelyden kom difor med nokre innspel. Desse var utelukkande positive. Hovudsynspunkta var at bladet er til for å knytta medlemsmassen saman og skapa god kontakt mellom aktive og passive. Ei viktig oppgåve for bladet er å informera medlemsmassen om kva foreininga driv med, kva som til ei kvar tid skjer. Historiske artiklar om Osbanen kan og takast med. Det er viktig at medlemene får noko att for kontingenten.

Vaktordninga på stasjonen vart diskutert. Torleif Jordal spurde om kva som har vore praksis dei siste åra, og om korleis oppsetjinga av vaktlistar skal gjennomførast i år.

Skre svara at det i fjor vart ringt rundt til mange av medlemene og spurt om kven som hadde høve til å stilla opp. På bakgrunn av dette vart det sett opp ei vaktliste. Det er aktuelt å gå fram på same måten i år óg. Sidan det i år vil verta nokre fleire opningsdagar, bør styret freista å ringa til endå fleire av medlemene.

Skre meinte at det burde kjøpast ei ny presenning til jernbanevogna. Den gamle er ikkje stor nok til å dekkja heile vogna, og har dessutan vorte noko fillete i kantane med åra. Skre opplyste at kommunen har sett av pengar til å binda saman sykkelvegen forbi Stend stasjon. Det er noko uvisst korleis kommunen har tenkt å gjera dette i praksis, men sakshandsamaren har forsikra om at Osbanens Venner ikkje skal koma til å lida som følgje av denne reguleringa.

Engevik meinte at det er viktig at foreininga held auga med kva som skjer med den gamle osbanevogna som enno står i ein hage på Kismul. Å flytta vogna vil nok innebera eit stort pengeutlegg. Det første som må gjerast er difor å sikra at vogna ikkje rotnar vekk. Skre poengterte at det ikkje er eit poeng at Osbanens Venner skal eiga alt som finst av minne og restar frå Osbanen, men veta kva som finst. Det kan difor vera aktuelt å jobba for å få vogna sikra for ettertida der ho står no.

Tautra minna om at Osbanens Venner har boggiar og hjul nok til ei vogn til. Han fortalde og at då han var inne i Kismul-vogna for fire-fem år sidan, var det alt byrja veksa buskar opp gjennom veggane. Om det i det heile skal gjerast noko med vogna, må dette i så fall verta ei hastesak. Tautra meinte vidare at dersom det vert uaktuelt å flytta vogna, bør ein i det minste syta for å få teke foto og mål av alle delar av vogna med tanke på ein eventuell rekonstruksjon i framtida.

Det vart stilt spørsmål om Os kommune kanskje kunne vera interessert i vogna for å plassera henne på Os stasjon. Engevik fortalde om framdrifta med restaureinga av Os stasjon. Stasjonsbygningen har no byrja å taka form. Vognverkstaden, som ikkje er komen på verneplanen, er no óg sikra for ettertida. Kommunen skal plassera eit pumpehus i verkstadbygningen, som då må rustast opp. Utvendes skal bygningen førast attende til sin opphavslege utsjånad. Dermed er tre av dei gamle bygningane (stasjonsbygning, vognhall og vognverkstad) på Os sikra. På grunn av manglande løyvingar til prosjektet går arbeidet seint, og eventuell plassering av ei vogn på stasjonen er framtidsmusikk.

Jakobsen etterlyste foreininga sin modelljernbane. Harry R. Olsen svara at han hadde denne heime hjå seg sjølv, men at han kunne utlevera han. Det vart gjort framlegg om å plassera ei eller fleire modellvogner på den planlagde utstillinga på McDonald i Rådalen. Jakobsen sa at han kunne laga ein monter til å plassera vognene i.

Møtet vart heva kl. 20.25.

Deretter var det servering av nykokt kaffe og nysteikte vaflar. Det vart prata livleg om laust og fast (mest laust) medan maten vart fortært. Paul Martin Kronheim stod for både kaffe og vaflar, som smakte fortrefteleg, og fortener difor takk.

Per Ivar R. Tautra
- referent

Godbitar frå arkivet

Av Per Ivar R. Tautra

Etter A/S Nesttun-Osbanen finst det eit rikhaldig arkiv. Arkivmaterialet låg lenge oppbevart hjå arvtakaren Osbilane (seinare FOM), men er seinare deponert til Universitetsbiblioteket i Bergen. I dette arkivet finst det eit uvurderleg kjeldemateriale for den som søker opplysningar om livet på eller ved den gamle banen, anten det no er lokomotiv eller personalhistorie som fengjer interessa. Og materialet er langt frå tørt eller keisamt. I direksjonsprotokoll, brevkopibøker og samlingar av innkomne brev kan ein lesa om små og store hendingar, mange kvardagslege soger. Mellom linjene vert det somme tider teikna eit bilete av dei folka som hadde noko med banen å gjera, ikkje minst dei som sat og skreiv breva. Ein del små-episodar kan vi sjå har eit visst humoristisk tilsnitt. Eg vil her presentera eit par slike episodar.

Ein kostbar sau

Frå tid til annan hende det at sauer vart ihelkøyrde av toget. Heile jernbanelinja frå Nesttun til Os var inngjerda, men ikkje sjeldan hende det at folk gløymde å lukka grindene etter seg. Dei uheldige bøndene ville som regel ha erstatning for dyra dei hadde mista. Osbanen var nok ikkje direkte restriktiv i å betala ut erstatning, men ein del krav kunne vera urimelege. Vi skal her sjå litt på ei sak frå vinteren 1915. Ein sau var påkøyrd av toget i Rådalen, og bonden forlangte heile 30 kroner i erstatning - ein høg sum. Det er ikkje vanskeleg å sjå av dei to breva som er attgjevne nedanfor, at dåverande driftsstyrar ved Osbanen, Johan Wilhelm M. Heidenreich (1875-1948), etter kvart vart ganske harm.

Den 4. januar 1915 forfatta Heidenreich følgjande helsing til bonden:

For voksne smaler pleier banen at erstatte kr. 10,00 og for lam kr. 5,00.

I dette tilfelle er det meget tvilsomt, om De tilkommer nogen erstatning, da banen ikke pligter at holde grunder i paa vinterstid.

Som De forresten selv ogsaa meget godt forstaar, er det omtrent en praktisk umulighet at holde smaler ute fra linien,

Hvis De vil ha Deres smaler ute paa holkeføre, som det var den dag, saa henstiller jeg til Dem at utstyre disse med skarpe sko, saa de kan komme sig av veien for toget.

Tilrods for at jeg anskuede dette forhold rigtig, saa er jeg, i betragtning av at De selv har kjøpt denne smale og til saa uhørt pris, dog villig til at erstatte Dem kr. 15,00 - femten kroner-.

Frå Heidenreich sende sitt klåre svar gjekk det i underkant av ein måned til det låg føre eit brev frå saksførar J. Richter-Salvesen. Bonden hadde no skaffa seg profesjonell hjelp for å driva inn pengane han meinte å ha krav på. Kravet mot Osbanen var no redusert til kr. 27,80 - og det var inkludert saksførarhonoraret! Den 4. februar, altså nøyaktig ein måned etter det førre brevet, skreiv Heidenreich brev til Richter-Salvesen og sette sluttstrek for saka:

Hr. overrettsakførerens skr. av 28/1-1915 angaaende en sau der tilhørte NN mottat. Jeg vil paa det mest bestemte fastholde, at jernbanen intet somhelst ansvar har ligeoverfor dette tilfælde.

Den omskrevne NN maa være en upaalidelig mand, naar han i sin skr. hertil, av 2 de januar, opgir at ha betalt kr. 30,00 for sauene, og nu, for at være paa den sikre side

medregnet sagførerhonoraret kun kræver kr. 27,80.

Hadde jeg havt tid, saa skulde jeg fortalt ham hvad sauen koster, det skulde ogsaa blevet et langt lærred at blæge for manden; men desværre min tid tillater ikke at ofre mere paa denne bagatel.

Endvidere skal han ha henvendt sig til jernbanen med tilbud om forlig paa kr. 20,00, ja, til en av banens personale, men det er ikke jernbanen.

Det forlangte beløb kr. 27,80- syv og tyve 80/100 kroner - vedlægges, for hvilket beløb hr. overretssagførerens kvittance imøtesees.

Ærbødigst J W M Heidenreich

”Jeg for min part skulde hat godt av noen kuler ...”

Eit anna brev vi kan trekkja på smilebandet av, skreiv Heidenreich i 1916. Med kveldstoget til Os den 2. februar det året hadde det vore med nokre soldatar med ei heller ufin framferd. No var det ikkje heilt uvanleg at rekruttane på Ulven ikkje oppførde seg mønstergyldig, men i dette tilfellet gjekk det vel langt. Heidenreich vart sjølv utsett for trakassering av soldatane, og alt dagen etter sette han seg ned og skreiv ei direkte og ganske livfull skildring av hendinga.

Hr. Kaptein J. Becker

Eidsvoll rekrutkompani, Ulven

Igaar aftes med tog nr. 6 fra Nesttun medfulgte 9 mandskaber av Eidsvoll rekrutkompani.

Naar disse kom ind i toget paa Nesttun støiet og pratet de saa høit, at der omtrent var umulig at høre medpassagerers stemme.

3 av disse, som satte sig til at røke, uagtet røkning var forbudt, blev anmodet om ikke at røke, hvorefter de to holdt op, hvorimot transportføreren NN fortsatte at røke, hvorfor jeg nok engang anmodet ham om at holde op, hvorefter jeg blev tilslængt ukvemsord, hvilket et par fortsatte med omtrent den hele vei.

Tilslut kastet PP en bok forbi mit hode bakfra, og som traf min frue i brystet.

Den samme gut kom ogsaa ind i vognen med pakning paa og øksen ubeskyttet, saa han skar en flænge i en herres vinterfrakke, og naar han blev gjort opmærksom herpaa, saa begyndte en anden at svare næsevist, istedenfor at vedkommende burde bedt om undskyldning.

Den raa og støiende passiar gik om jenter, pik og banding saa det var græsselig, at de medreisende damer maatte sidde og høre paa sligt.

Jeg for min part skulde hat godt av noen kuler gjennom det tykke hode; jeg kunde bare komme, saa skulde de holde mig i de store bartene og i den smag fortsatte det den hele vei.

Som østlænding, maa jeg si, jeg skammet mig over at gutter fra samme kant av landet opførte sig paa denne maate.

I haap om, at hr. kapteinen gir den fornødne instruks, saa gjentagelse kan undgaaes tegner jeg

Ærbødigst J W M Heidenreich

Etterlysningar

I Osbanens Venner sitt arbeidsprogram og vedtekter er det slått fast at det ikkje er noko mål i seg sjølv at Osbanens Venner skal overta alt som finst av gjenstandar og gamle bilete frå Osbanen. Men det nye styret har segg seg som mål å *få registrert* så mykje som råd av dette, slik at vi kan få oversikt over *kva* som finst og *kvar* det finst. I så måte har vi nok ein litt annan politikk enn det gamle styret. Osbanens Venner er – kanskje med god grunn – blitt rekna som ein «gutteklubb» av samlarar. Det nye styret vil gjerne fri seg litt frå dette stempelet.

Vårt engasjement i Osbanens Venner har eit mykje vidare siktemål enn berre å samla flest mogeleg gjenstandar på eigne hender. Målet for arbeidet må vera å ta vare på kulturminna frå gamle Osbanen, for å kunne visa etterslekta kva denne banen har hatt å seia for samferdsla og framveksten av Fana- og Osbygdene.

Kvar er kvinnene?

Men gutteklubb er vi dessverre enno! Ser ein på medlemslista, lir foreininga av eit stort kvinneunderskot. Og i styret sit det utelukkande menn. Derfor etterlyser vi fleire kvinner som medlemmer og tillitsvalde. Sjølv om jernbaneyrket var klart mannsdominert, stod det alltid kvinner bak.

Gjenstandar frå den gamle banen

Den andre etterlysninga vår gjeld kulturminna frå Osbanen. Dersom du har ting som har tilknytning til eller har tilhøyrt Osbanen, så vil vi gjerne vita om det og få desse registrert, og helst fotografert. Det treng ikkje vera så store sakene. Om det så berre er eit skilt, ei parafinlykt, delar til understell eller vogn, eller om det berre er eit beslag eller eit verktøy som har vore brukt på banen, så er vi like interessert.

Vi har òg tenkt å ha eit nært samarbeid med kulturetaten i Os om dette, slik at dei veit om oss – og omvendt. Og skulle du koma over eit gammalt bilete med Osbane-motiv i familiealbumet, så vil vi gjerne låna det, slik at vi kan få det avfotografert. På denne måten vil vi byggja opp dokumentasjon og få meir kunnskap om banen og miljøet rundt han.

Til slutt – dersom du kjenner nokon som er interessert i Osbanen eller som har slektsmessig tilknytning til banen, så hadde det vore fint å få dei verva som medlemmer. Årskontingenten er berre 100 kroner. Med dette vetle beløpet støttar du opp om det viktige arbeidet som Osbanens Venner driv, og du får dette bladet tilsendt to gonger i året. Så enten det gjeld kulturminne eller nye medlemmer – både mannlege og kvinnelege – skriv til oss straks.

Beste helsing
for styret i Osbanens Venner
Oddvar Skre



Osbanens Venner

arrangerer

medlemstur

Bli med på kulturhistorisk vandring på den gamle Osbanetraseen mellom Kalandseid og Hamre
søndag 1. november 1998!

Osbanetraseen går på denne strekninga gjennom svært idylliske område langs sørsida av Kalandsvatnet. Her finst det dessutan ein god del interessante «spor» i terrenget frå Osbanen si tid.
Personar med god kjennskap til banen vil vera med på turen og fortelja om desse synlege minna.

Vi startar turen på det gamle stasjonsområdet på Kalandseid.
Oppmøte kl. 11.00.

Kle dykk etter veret! Traseen er nokre stader nokså fuktig, så ta med støvlar. Ta også med niste. Osbanens Venner spanderer varm drikke og litt smånask til turen.

For meir informasjon, kontakt Egil Olav Jakobsen, tlf. 55 91 67 19.

Osbanens Venner
Postboks 178
5051 Nesttun

 **Atrø sykkel**
SPORT & FRITID

Sundtsvei 2, 5050 NESTTUN
Telefon 55 13 14 00 - Telefax 55 13 02 70



TA KONTAKT MED



FANA BLIKK

**KOBBER & BLIKKENSLAGER · FANA VEIEN 39 · 5030 NESTTUN
Tlf: 55 13 85 85 · MOB: 946 28 200**

• Taktekking • Blikk- og ventilasjonsarbeid • Salg av
takstein, renner, snøfangere • Velux takvinduer m.m.

Tlf: 55 13 85 85